



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1614 - 15/3291

Saksbehandlar:  
Lars Kristian Elnes  
lars.kristian.elnes@lindas.kommune.no

Dato:  
12.03.2015

## Løyve til tiltak - gbnr 193,2 9, 14 Mundal Øvre - oppgradering av veg og oppføring av parkeringsplas

**Administrativt vedtak. Saknr: 14/1614**

**Tiltakshavar:** Birte Gødgaard Jensen og Odd M. Samsonsen  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppgradering av gangveg til kjøreveg og anlegging av parkeringsplass på gnr. 93 bnr. 2,9 og 15.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen  
Det vert elles vist til søknad motteke 24.02.2014.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.02.2014. Dispensasjonssaker har ikkje sakshandsamingsfrist.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål, og omsynssone landbruk.



## Utnytting

Kommuneplanen sin arealdel pkt. 5.7 fastset at BYA ikkje bør overstige 20 %. Det er opplyst frå ansvarleg søkjar at BYA for gbnr 193/9 vert 18,77 % ; mens BYA for 193/15 11,98 %.

## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanen sin arealdel

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

- Gbnr. 193/2 ikkje lenger kan reknast som landbrukseigedom. Den er ikkje inntektsgjevande og må reknast som hobbyverksemd.
- Oppgraderinga får ingen negative konsekvensar for eigedomen som ein landbrukseigedom.
- Oppgraderinga får derimot positive verknader for gbnr. 193/2 i form av muligheita til å ta ut skog, stell av beite osv.
- Vegen vil bli grusa og få preg av ein gardsveg
- Tilkomsten vert betre for hytteeigarane – i høve til framføring av varer, og ikkje minst som personleg førmon; då eigarane byrjar å verte eldre.
- Området der tiltaket vert plassert er ikkje eit område som vert nytta som turområde.
- Ein vil ikkje privatisere meir då vegen allereie vert nytta som tilkomstveg.
- Tiltaket går over ein relativt kort strekning og vil ikkje vere synleg for andre enn dei som nyttar vegen

Saka vart sendt til uttale til Fylkesmannen i Hordaland den 1.9.2014, men det har ikkje vore gjeve noko uttale i saka.

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknader frå advokatfirmaet Harris på vegne av eigar av gnr. 193 bnr. 2 ved brev av 6.1.2014

Merknadane går kort oppsummert ut på at:

- Ei oppgradering av vegen vil komme i konflikt med hestedrifta som er lagt opp til på garden, og at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er oppfylt.
- Biltrafikk vil ha negativ verknad på hestehaldet.
- Køyrevegen vil gå gjennom innmarksbeite som i dag vert nytta som beite for hestane.
- Vegen vil ikkje ha positive verknadar for eigar, då den ikkje er naudsynt for drifta.
- Det er ikkje uvanleg å ha gangtilkomst til fritidsbustader.
- Det vert synt til kommuneplanen sin arealdel side 5 pkt. 1.7 under generelle føresegner der det går fram at: «Det er ikkje krav om vegtilkomst til hytter i kommunen»
- Det vert synt til kommuneplanen sin arealdel side 15 pkt. 5.12 og 5.16 under føresegner for LNF- område, med underføremål spreidd bustadbygging.
- For det tilfellet at kommunen gir dispensasjon må vegen leggjast må følgje Rindavegen slik den var før eit sprengingsuhell i 2001.

Ansvarleg søkjar har kommentert nabomerknad ved brev datert 28.1.2014. Ansvarleg søkjar opplyser at:

- Biltrafikken vil vere minimal ettersom det er tilkomst til fritidsbustader. Den vil soleis ikkje påverke hestane noko særleg. Det er uansett gangveg i dag, og også gåande vil kunne påverke hestane.
- Dersom området som er innmarksbeite faktisk er eit innmarksbeite pliktar grunneigar å gjerde inn området, noko som i alle høve er uaktuelt då tiltakshavarane har vegrett.
- Vegen er positiv for gbnr 193/2 – i alle fall i eit langsiktig perspektiv.
- Kommunen treng ikkje ta stilling om det er vanleg med gangtilkomst til fritidsbustader i kommunen all den tid det ligg føre ein rettskraftig dom frå jordskifteretten om at tiltakshavarane har vegrett. At det ikkje er eit krav om gangtilkomst til hytter inneber ikkje at ein ikkje kan ha det i denne saka
- I høve til merknadane omkring pkt. 5.12 og 5.16 meiner ein at vegen ikkje går mellom husa, og at dette ikkje gjeld vegframføring til nye tomter.
- Vegen er ikkje eksponert i landskapet, og vert tilpassa eksisterande terreng.
- I høve til at vegen i fall kommunen gir dispensasjon må ha ein annan trase, skriv ansvarlig søker at dette ikkje er aktuelt då dette vil koste meir; det vil vere ei unødvendig og samfunnsøkonomisk dårleg løysing å leggje to vegar parallelt.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 31.10.2013. Lengdeprofil syner lengde og høgdeprofil i terrenget.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Fritidsbustadane på gbnr. 193/15 og 193/9 er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med rettskraftig dom i Gulating jordskifteoverrett.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Kommunen har ikkje merknader til dei visuelle kvalitetane.

## VURDERING

### Dispensasjon

Tiltaket er omsøkt i eit område som er avsett til Landbruk, natur – og friluftsføremål og omsynssone landbruk oL29 –i Kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket krev difor dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel.

Dispensasjon er regulert i pbl. § 19- 2 andre ledd, der det går fram at:

«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempe etter en samlet vurdering».

Omsyna bak planføremålet er i hovudsak å verne om landbruksinteresser, og natur; samt å sikre muligheitane for å nytte området til friluft, rekreasjon o.l.

I høve til natur- og friluftssynsna kan vi ikkje sjå at desse vert vesentlig tilsidesette ved tiltaket. Sjølv om vegen i dag vert nytta av ålmenta, vil ikkje vegen hindre ålmenta i å nytte området.

Når det gjeld landbruksinteressene syner kommunen innleiingsvis til Landbruksfagleg vurdering i saka (vedlagt) datert 1.9.2014; som vart skrive etter synfaring den 29.8.2014.

Generelt om Hopsdal:

«Tilhøva for landbruk i Hopsdal er generelt gode med omsyn til jordsmonn, som er fastmark.

Men eigedommane er stort sett små og terrenget bratt og ikkje like lett å drive med moderne maskinar. Fleire bruk i dalen er difor ute av drift eller med sterkt redusert drift.

Driftsforma er stort sett sau og noko hest.

Dalføret ligg nær Knarvik og det er eit mykje nytta utgangspunkt for friluftsliv både sommar og vinter.

Dalføret er eksponert mot sør, dei bratte liene representerer eit fint kulturlandskap med mange gamle detaljar som restar etter eldre bygningar, gamle steingjerder og gamle vegfar. Desse elementa er grunnlaget for å sette området som omsynssone landbruk, sjølv om landbruket i dalen er redusert.

Om gnr.193 bnr.2:

Gardskartet for eigdommen utarbeidd av Skog og Landskap og skrive ut frå nettet 29.08.2014, ligg til grunn for vurderingane gjort i samband med synfaringa.

Kartet syner at eigdommen har 3,0 da overflatedyrka jord og 5,4 da innmarksbeite. Det er 14,9 da skog av særst høg og høg bonitet, 2,2da annen jorddekt fastmark og 0,4 da tun. Samla areal er 25,9 da.

Eigdommen er såleis så liten at det ikkje er naudsynt med konsesjon ved ope sal.

Styresmaktene kan ikkje krevje buplikt og eigdommen kan ikkje odlast.

Det er ført fram god ny gardsveg, driftsbygningen er oppgradert. Eigdommen er i drift – eigaren tek i mot hest for trening og rehabilitering.

Synfaring tok berre føre seg areala. Ein gjekk over beite og overflatedyrka jord og såg på traseen der ny veg til hyttene eventuelt skal gå. Dette er langs det gamle faret for felles veg, Rindavegen.

Synfaring viste at ein stor del av innmarksbeitet aust for tunet – 3,9 da innmarksbeite i kartet, var ute av drift. Det meste av jorda på den lettast tilgjengelege delen av beitet var grave av til fjellet og deponert i haugar langs sidene av det reinska arealet. Noko stein såg ut til å vere lagt på plass i djupare parti av berget. Det var ikkje gjort klart til å sprengje. Det ser ikkje ut til at det ligg føre søknad eller løyve til å gjennomføre dette tiltaket.

På eit mindre område av dette beitet samt på 1,5 da beite mot søraust gjekk hest på beite. Overflatedyrka jord var ikkje hausta. Det var attgrodd med geiterams og anna vegetasjon, samt at det var nytta til deponi for hestegjødning og bortsetting av diverse. Ut frå denne synfaringa må ein slå fast at dei sær avgrrensa dyrka areala som finst på denne eigedommen, ikkje er i god hevd. Dei er til dels heilt ute av drift, og held ikkje lenger dei krava som må stillast om dei skal klassifiserast som landbruk. Dersom ikkje jorda vert ført attende på fjellet slik at det kan nyttast til beite bør arealfordelinga på bruket endrast i kartet.

#### Kulturlandskapet:

Det først og fremst omsynet til kulturlandskapet som ligg bak omsynssoona som er sett på kartet. Dette landskapet var i si tid prega av beiting, omfattande bruk av utmarka og omsorgsfull utnytting av dei bratte og tungdrivne areala. Gjennom dette landskapet gjekk vegane både mellom gardane og vidare til omverda. Vegfara var synlege og vel haldne. I den moderne tida er landskapet i forfall, og dei brattaste områda er ute av drift. Dei gamle vegfara er nytta til tur og friluftsliv, medan trafikk til og frå tuna nyttar nye moderne vegar som høver for motorisert ferdsl.

På kva måte dette landskapet best skal takast i vare i framtida er uvisst. Men det er viktig at bruk som er i drift får så gode tilhøve som mogeleg for å halde fram med ein aktivitet som bidreg til å take vare på landskapet.

#### Konklusjon:

Synfaring viste at dei avgrrensa landbruksareala som finst på gnr.139 bnr.2 var i dårleg hevd og til dels var heilt ute av drift. Eit området av innmarksbeitet var endra slik at det ikkje lenger var landbruk.

Drift med hest kan for ein stor del klare seg utan så mykje innmark eller beite. Dyra kan vere ute i avgrrensa lufteområder.

Spørsmålet er då om drifta slik den såg ut på tidspunktet for synfaring, er landbruk eller om det er hald av hest.

Landbrukssakkyndig meiner det er hald av hest, som i prinsippet er uavhengig av landbrukseigedommen. Drift av landbruksareala er underordna og tilpassa hestane.

Den spesielle driftsforma som er på 139/2 [193/2] krev at det er roleg i tunet, men treng eigentleg ikkje landbruksareala.

Omsynet til kulturlandskapet veg tungt i Hopsdalen. Dette ligg til grunn i arealplanen. Slik 139/2 var i drift på tidspunkt for synfaring, tek ein ikkje omsyn til landskapet og bidreg ikkje til skjøtsel av kulturlandskapet.

Framføring av veg slik det er søkt om, får lite å seie for drifta av landbruket, bortsett frå at trafikkmengda vil auke. Veggen det er søkt om vil følgje det gamle vegfaret til Rindavegen.

Spørsmålet vert då truleg korleis ein skal vurdere kulturlandskapsverdiane opp mot trongen for moderne veg til fritidseigedommane det her gjeld.

Oppsummert forstå byggesak dette slik at:

- Landbruksareala på eigedomen er i dårleg hevd og til dels heilt ute av drift. Det er i dag hestedrift på eigedomen, og slik drift krev i hovudsak ikkje så mykje innmark eller beite som eksisterar i dag.
- I høve til kulturlandskap veg dette tungt i Hopsdalen. Slik drifta er på eigedomen på tidspunktet for synfaring, tek ein ikkje omsyn til landskapet og bidreg ikkje til skjøtsel av kulturlandskapet.
- Framføring av veg slik det er søkt om, får lite å seie for drifta av landbruket, bortsett frå at trafikkmengda vil auke.

Etter samtale med landbrukskonsulent 29.1.2015 går det fram at beiteområda der vegen er omsøkt, i realiteten ikkje kan nyttast i dag, då dei er avgravd. I høve til områda med dyrka mark var det plassert jordhaugar over store delar av desse. Det kan difor stillast spørsmål om det er i det heile er mulig å nytte garden til tradisjonell gardsdrift, og vidare om garden i praksis er ein landbrukseigedom.



Bilete frå synfaringa

Det er vidare avklart med landbrukskonsulent at tiltaket ikkje vil være i strid med jordlova. Det vert i hovudsak vist til ovannemnde uttale på dette punktet.

Ein legg etter dette til grunn at omsyna til landbruksareala ikkje vert vesentleg tilsidesette, jf. § 19-2

Det går likevel fram av merknadane at tiltakshavar ynskjer å nytte garden til hestedrift. I høve til drift med hest går det fram av rettleiar til Landbruk pluss frå Miljøverndepartementet, Landbruks- og Matdepartementet at:

«Anlegg for oppstalling av hest, mindre ridehall og rideanlegg, inkl. utleie/utlån, hvis anlegget er tilpasset brukets størrelse og drift», skal inngå i LNF-førmålet.

Slik kommunen ser det vil drifta då inngå drift inngå i LNF-føremålet.

Spørsmålet blir då i hovudsak om tiltaket vil vesentleg tilsidesette omsyna bak drifta.



I høve til beite og innmark legg kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt med så mykje av dette som garden har i dag, samstundes som beiteområdet der tiltaket er omsøkt ikke kan nyttast, jf. ovanfor.

Det som synes å vere hovudproblemet med vegen, i høve til drifta, synast ut frå opplysningane i rettsboka frå jordskifteretten og i merknad til nabovarsel, at biltrafikk vil kunne påverke atferda til hestane.

Lindås kommune er samd i dette. Vegen kjem nært oppi driftsbygninga. Samstundes er klart at også gangtrafikk vil kunne påverke adferda til hestane. Sjølv om biltrafikken vil kunne påverke hestane noko meir enn gåande, vil biltrafikken vere avgrensa; då det er tilkomst til fritidsbustadar. Vi kan difor ikkje sjå at omsynet til drifta vert vesentleg tilsidesett.

Når det gjeld kulturlandskapet, som og vert omfatte av landbruksføremålet, vil ein veg kunne generelt kunne endre landskapet noko.

Slik vi ser dette er for det fyrste garden lokalisert i nedste del av Hopsdalen, ikkje langt unna E 39. Eigedomen ligg og i utkanten av omsynssoona. Dette betyr i praksis at eigedomen ikkje innehar dei viktigaste kulturlandskaplege verdiane i området. Vidare er det klart at kulturlandskapet ikkje har vore ivareteke; mellom anna ved at delar av eigedomen er avgravid, og det stikk no berg opp forskjellige stader. Det eksisterar difor ikkje noko kulturlandskap der tiltaket er omsøkt. Samstundes er det tale om ein grusveg, som vil sjå ut som ein gardsveg, og ikkje lage for store kontrastar i landskapet.

Etter dette meiner kommunen at omsyna bak kulturlandskapet ikkje vert vesentleg tilsidesette. Samla sett meiner Lindås kommune at omsyna bak landbruksføremålet i denne saka ikkje vert vesentleg tilsidesette.

I høve til førmona med dispensasjonen vil tiltakshavarane få ein vesentleg betre og sikrare tilkomst ved at vegen vert utvida, og at ein kan nytte bil. Dette innebær at ein lettare vil kunne frakte tyngre gjenstandar i samband med mellom anna vedlikehald. Kommunen legg og til grunn at grunneigar vil ha førmon ved at det blir etablert ein veg på eigedomen, sjølv om den ikkje er tenkt nytta i dag.

Ulempene ved tiltaket er i hovudsak at biltrafikk vil kunne påverke adferden til hestane.

På bakgrunn av dette gjev Lindås kommune dispensasjon fra LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel.

#### Andre tilhøve

I høve til merknadane som er knytt til pkt. 1.7 i kommuneplanen sin arealdel om at det ikkje er krav om vegtilkomst til hytter, kan vi ikkje sjå at det er relevant for dispensasjonsvurderinga.

Når det gjeld pkt. 5.12 og 5.16, vert det synt til at tiltaket ikkje ligg i LNF – område med spreidd bustadbygging, men i eit LNF-område, slik at desse føresegnene ikkje vil gjelde for eigedomen.

Når det gjeld tilhøvet til alternativ plassering som er føreslege av merknadsstillar syner kommunen til ein tek stilling til omsøkte tiltak, då det er dette kommunen har mynde til. Vi syner i samband med dette og til at dispensasjonen er omsøkt i høve til den vegretten som er gitt rettskraftig dom på, og at tiltakshavar er negativ til å endre traseen av ulike årsakar.

## **Plassering**

Vegen skal plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 31.10.2013.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

## **Privatrettslege tilhøve**

I høve til dette legg kommunen til grunn rettskraftig dom frå Gulating jordskifteoverrett

## **Nabomerknad**

Vurdert under dispensasjon.

## **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997089782 har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997089782 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) vegprosjektering**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet – under orverordnet ansvar for prosjektering

## **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppgradering tilkomstveg og oppføring parkeringsplass.**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav l) vert det gjeve rammeløyve for oppgradering av tilkomstveg og oppføring av parkeringsplass på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 31.10.2013 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Arbeidet kan ikkje setjast i gang før det er gitt igangsettingsløyve, jf. pbl. § 21-4



#### 4. Gebyr er betalt.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Arkoconsult AS	997089782	S	1	SØK
PRO	Arkoconsult AS	997089782	S	1	Overordna ansvar for prosjektering
UTF					
KTR					

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1614

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
C.4.1	Dispensasjon frå ei enkel føresegn gitt i eller i medhald av Pbl	1	7.900,-
C.5.2q	Parkeringsplass på terreng inntil 15 bilar	1	3.700,-
C.5.2s	Veganlegg	1	10.000,-
C.5.31	Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	2	1.000,-
	Totalt gebyr å betala		22.600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken

på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
Avdelingsleiar byggesak

Lars Kristian Elnes  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gbnr 1932 Landbruksfagelg uttale i samband med søknad om bygging av veg til eldre hytter. (L)(38617)

**Kopi til:**

Liv Janne Hauge	Hoplandsvegen 77	5915	HJELMÅS
Advokatfirmaet Harris DA	Pb 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Birte Gødgaard Jensen		5915	HJELMÅS
Odd Magnus Samsonsen	Bekkjarvikvegen	5114	TERTNES
	49 B		
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN